Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Brynet

Oppskr. av: Hans Reiersen

(adresse): Skjervøy

Fylke: Troms

Herad: Skjervøy.

Bygdelag: Soknet (heradet)

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Før, fyrr århundradet gjekk ut; saes det jamt over hein, (ei hein), og heine ljåen.

I dette århundradet er det lelitt brukt imjimillom bryne, som visst mykje kjem av, at det i handelsspråket brukast dette ord (handelsspråket er som kjent byspråk, og folk litt etter etter dette.

Frå det eg såg og lærte (80 år) var heina laga av gråstein, om 20 (25) cm, 3,5–4 cm. breie og 2,5 cm. tjukk. Steinen var hogd i sine dimensjoner og so slept på slipestein, tver i båe ender.

No seggjast det av mange bryne og bryne ljåen (jåen).

Det er jamt bryner å få til kjøps i handelen, og folk kjøper gjerne – ferdige, lettvint!

Heine jåen enten det skjer med naturstein eller kunststein (eller bryne).

Her har ikkje vart hein „fabrikk".

Når slipesteinen kom i bruk vites ikkje; de gamle er døydde.

3) Ja, først slepe: jåen, kniven, øks, hørvel (jarnet) o. s. b. og so heine fint, somtid med grov, so med fin hein.

4) Nei – over heile nomret!

347

5) Nei, fell burt! (Buddekarane på garden var slipest. der.

6) Kjem ann på grassorten og om steinnet mark. I utmark (utyrka) er grassorten jamt lett å slå, og då plar slåttefolki klare seg med kvar sine tvo jåa med (brynjing) heiningar der det trengs frå frukost leite til middag om fire, femm timar. Men på enga helst i turr sumar, hart gras, heining men sliping eit par gong i same tidbolk,

7) Har aldri höyrt eller sett noko til anna slag hein enn av stein!

8) Ja, ljåen sitter på!

9) Ljåorvet holdes opp i venstre armhule og venstre hand holder uti ljåspissen, heines fjölsakt med högre hand.

Ingen skienad på lang- og stuttorv.

10) Reine- eller brynekopp, anten ein större blikkboks, 2–3 dm. hög eller trekasse som bæres med og flyttes etter kor langt slåingen

11). Nei!

12) Nei!

13) Reinekoppen (brynekoppen) er nesten full av vatn – til stein (ikke av annet slags.

14) Nei.

15). Har aldri hört til dette.

16) Kjenner ikke noko til dette

17. Veit ikke.

18 Kjenner ikke noko til dette.

Orsake!

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY
347